

PP-tenesta og spesialundervisning



DERSOM BARNET DITT IKKJE HAR TILSTREKKELEG UTBYTTE AV DEN VANLEGE OPPLÆRINGA, KAN HAN ELLER HO HA RETT TIL Å FÅ SPESIALUNDERVISNING

Spesialundervisning kan til dømes vere at eleven jobbar etter andre læringsmål enn andre elevar, at ein lærar eller assistent følgjer opp eleven i klassen eller at eleven får særskilt tilpassa utstyr. Spesialundervisninga skal vere tilpassa behovet til ditt barn.

Dersom du eller skolen er bekymra for om barnet ditt ikkje har godt nok utbytte av opplæringa, skal skolen forsøke å tilpasse betre for barnet ditt. Dersom det ikkje er tilstrekkeleg må skolen og PP-tenesta vurdere og gi råd om kva barnet treng, og skolen må fatte eit enkeltvedtak.

PP-tenesta kan samarbeide tverrfagleg på lokalt nivå, til dømes med helsetenesta eller barneverntenesta, og på statleg nivå med til dømes Statped eller psykiatriske tenester. PP-tenesta har teieplikt.



PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE (PP-TENESTA)

Ei teneste som gir råd til barnehager og skolar i kommunar og fylkeskommunar om tilrettelegging for barn, unge og vaksne med særskilde behov.

SAKKUNNIG VURDERING

Eit dokument frå PP-tenesta som viser om eleven treng spesialundervisning, og som gir råd om kva slags tilbud eleven bør få.

ENKELTVEDTAK

Eit brev frå skolen som seier om eleven har rett på spesialundervisning eller ikkje, og kva spesialundervisninga skal vere. Du kan alltid klage på enkeltvedtaket.

INDIVIDUELL OPPLÆRINGSPLAN (IOP)

Ein IOP skal vise mål og innhald i spesialundervisninga og er eit arbeidsverktøy.



KVA KAN EG FORVENTE AV SKOLEN?

KVA KAN EG GJERE?

SKOLEN SKAL

- syte for at det beste for barnet blir teke hand om
- involvere og spørje deg før dei tek avgjerder som gjeld barnet ditt
- ha samtalar med barnet og foreldra, og gjere nødvendige kartleggingar av barnet
- be PP-tenesta om å gjere ei sakkunnig vurdering om du bed om det, og dersom skolen meiner at eleven treng spesialundervisning
- fatte eit enkeltvedtak som seier om eleven skal få spesialundervisning eller ikkje, og kva spesialundervisninga skal vere
- lage ein individuell opplæringsplan (IOP)
- gi eleven spesialundervisning slik det er skrive i enkeltvedtaket og IOP-en
- lage ein skriftleg rapport om spesialundervisninga og utviklinga til eleven ein gong i året
- syte for at du og barnet ditt får rettleiing om kva vurdering med og utan karakterar på ungdomsskolen betyr, før de bestemmer dykk

DU SOM ER FORELDER

- kan krevje at skolen undersøker om barnet ditt treng spesialundervisning
- kan drøfte uroinga di med PP-tenesta og skolen før tilvising
- skal bli involvert og seie ja før skolen bed PP-tenesta om å utgreie og vurdere barnet ditt
- skal bli involvert og seie ja før skolen bestemmer at barnet ditt skal få spesialundervisning
- skal få ein skriftleg rapport ein gong i året om spesialundervisninga barnet ditt får og ei vurdering av korleis barnet ditt utviklar seg
- kan klage dersom barnet ditt ikkje får spesialundervisning
- kan klage på innhaldet, gjennomføringa eller organiseringa av spesialundervisninga
- kan bestemme om barnet ditt på ungdomsskolen skal få fritak frå vurdering med karakter i dei faga han eller ho får spesialundervisning i

